



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Til uttale - Frivillig vern av skog - Gjesdal - Dirdal

Statsforvaltaren sender med dette forslag om vern av to skogområde i Dirdal på offentlig høyring i tråd med naturmangfaldlova § 43. Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Områda er tilbodne for vern gjennom ordninga frivillig vern av skog. Det gjeld Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat.

Alle som ønsker kan komma med uttale eller merknadar innan 25. september 2026.

Skogarealet er tilbydd for vern av skogeigar sjølv gjennom ordninga frivillig vern av skog. Frivillig vern forutset at grunneigar og staten blir einige og inngår avtale om erstatning, avgrensing og vernereglar før vernevedtak. Ei slik avtale er foreløpig ikkje inngått, men denne høyringa vil avklara forhold kring avgrensing og vernereglar. Skogtaksering og økonomiske forhandlingar er i gang, men ikkje slutført. Dette inneber at det kan bli endringar både i vernegrense på vernekartet og vernereglar i forskriftene som eit resultat av uttalar i denne høyringa og dei økonomiske forhandlingane.

Statsforvaltaren meldte oppstart av verneprosess for Dirdal aust og Dirdal vest og for tre andre område 02.09.2025 og for eitt område 05.09.2025. Denne høyringa gjeld dei to områda i Dirdal, Kleivane naturreservat og Ramstoliane naturreservat i Gjesdal kommune.

Verknader av vernet

Eit vernevedtak vil få konsekvensar for bruken og kva for aktivitetar som kan gå føre seg i dei foreslåtte verneområda. Alle tiltak som kan føre til endringar i naturmiljøet vil vere forbode. Dette inneber generelt at all vegetasjon og dyreliv er verna, at fysiske inngrep i form av blant anna oppføring av bygningar, skogsdrift, vedhogst, grøfting og motorferdsel ikkje kan gjennomførast.

Statsforvaltaren minner likevel om at tradisjonelt og enkelt friluftsliv og plukking av bær og matsopp, samt jakt kan finna stad som tidlegare. Me viser elles til dei vedlagte forslaga til verneforskrifter for ytterlegare detaljar om reglar som gjeld i dei einskilte verneområda.

Høyringa og ønska merknader

Statsforvaltaren har utarbeidd eit høyringsdokumentet som inneheld verneforslaget for kvart område med oppsummering av innkomne uttalar og merknadar, samt Statsforvaltarens



kommentar. Vidare er det for kvart område ei skildring av kva verneverdiar som finst og ei vurdering av kor godt desse svarar til manglar i skogvernet, og kva brukarinteresser som er registrert. Framlegg til vernekart og verneforskrift med vernereglar er vedlagt.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut til alle grunneigarar, naboar, aktuelle foreiningar og offentlege instansar i samsvar med vedlagte mottakarliste. Høyringsdokumenta blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under [Høyringar](#) og under [Miljø og klima > Verneområde](#). Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med Statsforvaltaren. Avgrensing av foreslått naturvernområde er å finna på kart på [Naturbase](#) og [Temakart Rogaland](#).

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaga. Me ber spesielt om at grunneigarar og andre brukarar av områda, samt dei som har særskilte interesser i området går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom det er informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere stiar som er i bruk, bygningar, ulike anlegg, traktorveggar, kraftanlegg eller anna som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet.

Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Avgrensinga av områda
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende
- Eventuelle konflikhtar med andre interesser. Eventuelle konflikhtar bør skildrast konkret, også kva som vil vere nødsynt for å løysa eller redusera konflikten
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, adresselista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes vurderer om dei ønsker å få forvaltningsmynde for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i kap. 7 i høyringsdokumentet. Dersom kommunen ønsker slik mynde, ønsker Statsforvaltaren å få melding om dette gjennom høyringa.

Videre sakshandsaming

Når høyringsfristen er ute, vil Statsforvaltaren vurdere innkomne uttalar og merknadar og gjere eventuelle endringar i verneforslaget. Deretter vil Statsforvaltaren utarbeide og sende si tilråding om vern til Miljødirektoratet, som også vil vurdere verneforslaga og sende si eiga tilråding vidare til Klima- og miljødepartementet. Samstundes med verneplanprosessen vil det vere forhandlingar mellom grunneigarar og staten om den økonomiske erstatninga. Klima- og miljødepartementet gjer også sine vurderingar og forbereder deretter vernesak med forslag om vern som blir lagt fram for Kongen i statsråd. Vedtak om vern skjer ved kongeleg resolusjon hjå Kongen i statsråd.

Etter vernevedtak blir grunneigarar og høyringsinstansar underretta med brev. Vernekart og informasjon om verneverdiane, samt lenke til verneforskrifta, blir gjort tilgjengeleg i Naturbase. Verneforskrifta blir også tilgjengeleg i Lovdata. Statsforvaltaren skal sørge for at naturreservata blir skilta og grensemerka.

Frist

Statsforvaltaren inviterer og oppfordrar med dette alle som ønsker å komme med uttale eller merknadar til den vedlagte verneplanen.



Frist for å uttala seg til verneforslaget er satt til **25.09.2026**.
Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2023/5390**.
Uttalar sendast skriftleg, anten i brev eller på e-post.

Brevadresse: **Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger**
E-postadresse: sfropost@statsforvalteren.no

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Tage A.T. Eriksen
fagleder natur

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Høyringsdokument, Dirdal
- 2 Høyringskart, Kleivane, juni 2026
- 3 Høyringskart, Ramstoliane, juni 2026
- 4 Forskrift Kleivane
- 5 Forskrift Ramstoliane
- 6 Skoganalyse - Kleivane
- 7 Skoganalyse - Ramstoliane
- 8 Avveining skogvern vs. skogbruk - Kleivane
- 9 Avveining skogvern vs. skogbruk - Ramstoliane
- 10 Innspel Oppstart Kleivane
- 11 Innspel Oppstart Ramstoliane
- 12 Adresseliste HØYRING juni 2026 Dirdal